

# Klipp hekkar og busker

Trafikktryggleik også ditt ansvar

Bli med på ein dugnad for å unngå ulykker i ditt nærområde. Eig eller disponerer du ein eideom med avkjørsle til veg eller gang- og sykkelveg? Då har du ansvar for å sørge for fri sikt ved di avkjørsle. (jf. Veglova §31 og §43).

**God sikt er ein føresetnad for at du skal få auge på gåande og syklande som kryssar avkjørsla di.**  
Ei temaanalyse av sykkelulykker viste at dårlig sikt var ein medverkande faktor i over 30 % av dødsulykkene på sykkel.




Foto: Dag A. Nordvæen

## Slik sørger du for fri sikt i avkjørsla di


### Alternativ 1:

Høgdegrense  
0,5 meter



### Alternativ 2:

Flytting av  
gjerde/hekk



Dersom avkjørsla di kryssar gang- og sykkelveg må høgde på hekk og gjerde ikkje overstige 0,5 meter over gateplan i frisiktsona.


**Klipp enten hekken din** slik at den held seg under 0,5 meter (alternativ 1) eller flytt gjerde og/eller hekk utanfor frisiktsona, merka med rosa farge (alternativ 2).

### Det må vere 3 meter fri sikt inn i avkjørsla.

Det betyr at når du står 3 meter inn i avkjørsla di skal du kunne sjå midten av gang- og sykkelvegen 30 meter til kvar side.

**Merk at frisiktsona bør utvidast** ut over 30 meter dersom gang- og sykkelvegen hellar og syklistane held høg fart.


**Snu for å lese meir** >



**Dersom avkjørsla di munnar ut i vegen**  
må høgde på hekk og gjerde ikke overstige  
0,5 meter over gateplan.

Hekk og gjerde kan også flyttast utanfor  
frisiktsona, merka med raud stipla strek.

Det må vere 4 meter fri sikt inn i avkjørsla.  
Det betyr at når du står 4 meter inn i avkjørsla  
di, skal du kunne sjå vegen 45 meter til kvar  
side dersom fartsgrensa er 50 km/t, og  
vidare aukar avstandane med farten slik  
figuren viser.



**Dersom du har tre ut mot veg, fortau  
eller gang- og sykkelveg** må ikke  
greiner henge lågare enn 5 meter over  
vegbana.

Over fortau og gang- og sykkelveg må  
ikke greiner henge lågare enn 3 meter.

Eigaren av trea er også ansvarlig for  
fjerning av greiner som dett ned.

## Har du spørsmål?

Når du får denne informasjonen og les oppmodniga vår, så håpar vi at du gjennomfører nødvendig beskjæring slik at alle kan gå, sykle eller køyre trygt forbi din eidegom.

Ved spørsmål, ta kontakt med Statens vegvesen på tlf. 22 07 30 00 eller  
nyttetegjer deg av skjemaet på [vegvesen.no/kontakt](http://vegvesen.no/kontakt)

del veien  
[vegvesen.no/delveien](http://vegvesen.no/delveien)